



# Ny kommune i indre Sunnfjord

Arkiv: FE - 411  
JournalpostID: 17/114  
Sakshandsamar: Øystein Høyvik  
Dato: 04.12.2017

Saksframlegg

## Tilsetting av prosjektleiar / rådmann i ny kommune

### Bakgrunn for saka:

Fellesnemnda gjorde i sak 10/17 slikt vedtak:

- 1. Prosess for tilsetting av prosjektleiar / rådmann for ny kommune skal skje i tråd med saksutgreiing datert 07.09.17, inkludert notat frå personalnettverket datert 04.08.17 og 04.09.17*
- 2. I samband med tilsetting av prosjektleiar / rådmann for ny kommune vert det etablert eit innstillingsutval med 6 medlemmer, 4 politikarar (ein frå kvar kommune) og to hovudtillitsvalte. Hovudtillitsvalte vel sjølv kven som skal representere dei. Som politiske representantar til innstillingsutvalt blir følgjande valt*
  - Oddmund Klakegg, Jølster kommune*
  - Mathias Råheim, Gaular kommune*
  - Håkon Myrvang, Naustdal kommune*
  - Olve Grotle, Førde kommune*
- 3. Skagerak Consulting blir valt til å yte ekstern bistand i samband med gjennomføring avklaringsamtalar og ev. vidare tilsettingsprosess.*

I tillegg til dei 4 ordførarane har innstillingsutvalet bestått av Elin Enebakk (LO/Fagforbundet) og Torill Anita Segtnan (Akademikerne/Tekna).

### Saksutgreiing:

Stillinga som prosjektleiar / rådmann i ny kommune vart lyst ledig med søknadsfrist 06.11.17. Innan fristen meldte det seg 5 søkjarar – 1 kvinne og 4 menn. Ein av søkjarane vart etter søknad unnateke frå offentleggjering i samsvar med offentleglova §25.

I samråd med rådgjevarane frå Skagerak Consulting vart 4 kandidatar kalla inn til førstegongsintervju og testing. Med bakgrunn i førstegongsintervjua vart dei same 4 kandidatane valt ut til andregongsintervju med innstillingsutvalet. Valet i høve kven som skulle delta i andregongsintervjua vart gjort av innstillingsutvalet med utgangspunkt i kandidatrapport fra Skagerak Consulting sine rådgjevarar.

I etterkant av andregongsintervjua, 28.11.17, gjorde innstillingsutvalet ei førebels vurdering av kandidatane. Skagerak Consulting leverte si tilråding 30.11.17. Denne tilrådinga var i samsvar med innstillingsutvalet si førebelse vurdering pr. 28.11.17. Ein av kandidatane gav 04.12.17 melding om at ein trekte søknaden.

### **Innstillingsutvalet si vurdering**

Innstillingsutvalet tilrår samrøystes at **Ole John Østenstad** blir innstilt til stillinga som prosjektleiar / rådmann i ny kommune i indre Sunnfjord. Innstillinga er i samsvar med Skagerak Consulting si tilråding.

Utvalet har lagt vekt på å rekruttere ein prosjektleiar/rådmann med strategiske evner, gode leiareigenskapar, personlege eigenskaper og vilje til å leie den nye kommunen i indre Sunnfjord kommune gjennom det pågåande omstillingsarbeidet for å bygge den nye kommunen til beste for innbyggjarane, næringslivet og medarbeidarane.

Østenstad har brei og solid utdanning, yrkeserfaring og vilje til å bygge eit leiarteam som tek eit felles ansvar for å utvikle ein ny og framtidsretta kommune.

Fellesnemnda sin leiar vil i møte 13.12.17 orientere om innstillinga, denne delen av møte i fellesnemnda vil vere lukka jf. bestemmelsane i kommunelova §§31.3 og 31.5.

Innstillingsnemnda har i tillegg til intervju gjennomført 4 møte knytt til arbeidet med å rekruttere til stillinga.

### **Innstillingsutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Ole John Østenstad blir tilsett som prosjektleiar/rådmann i den nye kommunen i indre Sunnfjord

Innstillingsutvalet tilrår at leiar for fellesnemnda i samråd med ordførarane i Jølster, Naustdal og Gaular kommunar får fullmakt til å slutføre lønns- og leiaravtale med Østenstad.

Førde, den 04.12.2017

Olve Grotle  
Leiar av innstillingsutvalet

Øystein Høyvik  
Prosjektkoordinator